

# Epleseasonen 2025

Dei siste norske epla er no selde, og fruktseasonen 2025 er dermed førebels over. Dei offisielle tala frå pakkeria syner eit totalt volum på knappe 11 000 tonn eple. Av dette vart 950 tonn klasse 1 regulerte til industri. Totalvolumet er på nivå med 2023. Den gongen vart 1 500 tonn regulerte til industri, noko som betyr at ein større del av avlinga i år har vorte selt gjennom butikk.

Salet i den norske hovudseasonen fram til 1. desember var svært godt. Det førte til at ein gjekk tom for norske eple allereie i midten av februar. Dette tyder på at det ligg eit potensial for auka sal i den utvida seasonen etter 1. desember.

Bruken av SmartFresh har hatt positiv effekt på kvaliteten i butikk i år, og har truleg bidrege til det gode salet. Samstundes har det vore eit sterkt og målretta fokus på norske eple i butikkane.

Det er òg verdt å nemne at fruktpakkeria, med Telefrukt som prosjekteigar, har fått støtte frå Noregs forskingsråd til det fireårige FoU-prosjektet «Eple-X». Prosjektet skal undersøkje lagringspotensialet for dei ulike eplesortane ved bruk av ny lagringsteknologi, med sikte på auka sal i den utvida seasonen.

